

Wim Vandenbussche, Ernst Håkon Jahr og Peter Trudgill (red.): *Language Ecology for the 21st Century: Linguistic Conflicts and Social Environments*. Oslo: Novus, 2013. 342 sider. ISBN: 978-82-70-99748-0.

Meldt av Lars S. Vikør

Termen og omgrepet *språkøkologi* (*ecology of language*) vart skapt av Einar Haugen i 1971, på eit tidspunkt da økologi-omgrepet var på veg frå det biologiske fagspråket til det samfunnsvitskaplege og politiske språket. Haugen var ein pioner i den språksosiologiske retninga innanfor språkforskinga, bl.a. med analysane sine av den norske språknormeringa og språkstriden, og han opplevde nok økologi-omgrepet som ei naturleg vidareføring av det inn i ein ny historisk epoke. Likevel må vi seie at omgrepet ikkje har stått så sentralt seinare, og det har heller ikkje vore så enkelt å gi det ei presis avgrensing av tydingsomfanget. Sjølv gav eg i 1993 ut ei bok på engelsk om nordiske språkforhold på oppdrag frå Nordisk språksekretariat, der hovudvekta låg på det samfunnsmessige aspektet av språkforholda. Eg ville kalle boka “The Nordic Languages and their Ecology”. Men i Språksekretariatets styre vart det heller lunkent mottatt; fagfolka der opplevde ikkje økologi-omgrepet som særleg meiningsfullt til bruk i ei slik bok. Det enda med *The Nordic Languages. Their Status and Interrelations* – som strengt tatt kanskje betydde det same. (Men eg smugla inn økologi-omgrepet i starten på forordet i boka – utan å komme tilbake til det seinare.)

No etter tusenårsskiftet, i 2008, samla ein del språksosiologar seg til ein konferanse om dette omgrepet på det da nyskipa Universitetet i Agder, Kristiansand, for å halde omgrepet *språkøkologi* mot lupa på bakgrunn av samfunnsutviklinga på 2000-talet. Boka som skal meldast, er ein rapport frå denne konferansen, rett nok med ein del ekstra tematisk relevante artiklar som ikkje vart framført på konferansen. Boka er disponert i tre delar: teoretiske bidrag, konkrete studiar frå europeiske land og tilsvarende studiar frå ikkje-europeiske land. Til saman blir det elleve artiklar pluss ei innleiing av redaktørane. Alle artiklane er på engelsk. Eg kommenterer dei tre delane i tur og orden. (For ordens skyld gjer eg merksam på at eg ikkje var med på konferansen sjølv.)

Etter ei kort innleiing av dei tre redaktørane kjem Stig *Eliasson* frå Universitetet i Mainz, Tyskland, med det vi må kalle hovudartikkelen i

boka, ei grundig framstilling og drøfting av Einar Haugens definisjonar og bruk av omgrepet språkøkologi: “Language ecology in the work of Einar Haugen”. Det er den utan samanlikning lengste artikkelen, og han er av spesiell interesse frå eit norsk synspunkt fordi vi her får ein analyse av den rolla Haugens forskning i dei norske språktilhøva inspirerte han til termen *språkøkologi*. Eliasson viser at dette omgrepet ikkje har fått nokon veldig stor plass i Haugens svære faglege produksjon. Berre tre artiklar (rett nok trykt opp fleire stader) krinsar om dette, den klassiske “The ecology of language” (1971, 1972) og to seinare artiklar om språkøkologi og bilingvalisme (1979a, 1987b) og om språkøkologi og den færøyske språksituasjonen (1979b, 1987c, norsk versjon i Haugen 1990).

Eliasson startar med å kontrastere Haugen og Chomsky. Der Chomsky meinte at lingvistikkenes forskingsobjekt var ein rigid, monolittisk idealisert språkstruktur i eit tilsvarende idealisert homogent språksamfunn med idealiserte talarar og tilhøyrarar, stod Haugen fast på at heterogenitet, variasjon og endring er ein del av språkets inste vesen, og at den mest fruktbare språkforskinga var den som skjedde i eit samarbeid mellom samfunnsforskarar og lingvistar. I 1987 skreiv han at den heterogene språkmodellen som dialektologien hadde utvikla, men som i hans tid primært var representert av sosiolingvistikken (lingvistane sin term) og språksosiologien (*sociology of language*, sosiologane sin term), kunne kallast *språkøkologi* (*language ecology*).

Men Eliasson viser at dette omgrepet hos Haugen ikkje er særleg klart definert. Den grunnleggande definisjonen frå 1971 er “the study of interactions between any given language and its environment”. “The environment” kan vere brukarane eller summen av dei, altså samfunnet, men det kan òg vere andre språk som det eksisterer saman med i folks hjernar.<sup>1</sup> Desse interaksjonane har slik sett to hovudaspekt, det sosiologiske (forholdet mellom språk i brukssituasjonane i samfunnet) og det psykologiske (forholdet mellom språk i folks sinn). Omgrepet begrensar seg da tydelegvis til studiet av to- eller fleispråklegheit (samfunnsmessig

1. I note 6 refererer Eliasson noko som openbert er ein lapsus i Haugen 1987c: 91: “Ecology, according to Webster, ‘is concerned with the interrelationship of organisms and their environments’. If we substitute ‘languages’ for environments in this definition, we get a very acceptable definition of language ecology”. Meininga er nok: “If we substitute ‘languages’ for organisms” osv, og slik står det i Haugen 1979b, som er ein tidlegare versjon av same artikkelen. Dessverre er feilen blitt med over i den norske omsettinga i Haugen 1990: 79. Ordet ‘omgivelser’ i det aktuelle sitatet skal altså erstattast med ‘organismer’.

eller individuell). Frå det utgangspunktet listar Haugen (1972: 236, sett opp i tabellform av Eliasson) opp ti forskingss spørsmål som til saman utgjør eit heilt forskingsprogram, og som lenker disiplinen opp mot ei lang rekke andre deldisiplinar av lingvistikken eller “bindestrekslingvistikkar”. Med norske døme viser Eliasson så kort korleis Haugens forskning før han kom med denne termen, fører fram til denne omgrepsdanninga.

På dette punktet går Eliasson over til sjølv *økologi*-omgrepet innanfor biologien og skisserer kort ei utvikling av omgrepet som etter kvart blir overført til samfunnsvitenskapane, og derfrå til lingvistikken. Det var ikkje Haugen som først brukte omgrepet om språkforhold, men tre andre amerikanske lingvistar som brukte det i ein studie av språkforhold i Arizona (Voegelin o.a. 1967). Haugen hevda likevel at han hadde omgrepet frå den samfunnsvitenskaplege litteraturen, ikkje den språkvitenskaplege.

Eliasson antydar ein viss inkonsistens i Haugens bruk av termen *økologi* eller *økologisk*. Han kan vere ein metafor, liksom den biologiske metaforen (språket som levande organisme), den instrumentelle metaforen (språket som reiskap), eller den strukturelle metaforen (språket som system eller struktur). Men han kan òg vere meint som ein konkret term for eit forskingsfelt. I definisjonen av dette forskingsfeltets forskingsobjekt finn Eliasson ei gliding i Haugens vektlegging. Tidlege definisjonar går ut på at språkøkologi er studiet av interaksjonen, relasjonen eller “the interrelation(ship)” mellom språket og omgivnadene (jf. diskusjonen om tittelen på boka mi), eller mellom språket og brukarane av det. Seinare set Haugen sjølv språket i sentrum: *Språkøkologi* blir da studiet av språket i relasjon til dei menneskelege eller sosiale omgivnadene det eksisterer i. Hovudvekta forskuvar seg altså frå det meir samfunnsmessige til det meir lingvistiske: samfunnets påverknad på språket heller enn det motsette. Dette er da også grunnstrukturen i Haugens store nordiske språkhistorier (1976, 1982).

Spørsmålet om språkøkologi er ein samfunnsvitenskap eller ein del av lingvistikken, endar på sett og vis uavgjort, for Haugen kan i ulike sitat tolkast begge vegar. Konklusjonen blir at språkøkologien verken er heilt det eine eller heilt det andre, men ein «multidisiplinær» vitenskap. Eliasson er også så vidt innom spørsmålet om språkøkologi berre er ein nøytralt deskriptiv vitenskap, eller om det er legitimt å bruke han til aksjonsforskning, nærmast som “terapi” for å styrke “små” og utsette språk. Haugen var sterkt engasjert i slike spørsmål og avviser ikkje at det kan vere legitimt å bruke språkøkologisk forskning på denne måten.

Eliasson går vidare inn på korleis dette forskingsfeltet skal definerast, og korleis det står i høve til andre forskingsfelt. Han set opp ei lang rekke problemstillingar som skal føre fram til ei meir substansiell teoriforming, noko som til no har vore mangelvare, sidan Haugen har vore sterkt orientert mot beskriving framfor teori – ein kritikk Chomsky har lagt vekt på som ankepunkt mot sosiolingvistikken. Eliasson legg fram ei lang rekke forskingsspørsmål som summerer opp drøftingane hans tidlegare i artikkelen, og som skal leie fram til klarare formulering og konkretisering av forskingsfeltet. Han endar nokså opent med å slå fast at Haugen har inspirert eit perspektiv på språket og språkforskinga som kan bli svært fruktbart, men at han (Haugen) berre i liten grad kunne legge fram noko svar på alle spørsmåla; det må den framtidige forskinga gjere.

Det følgjer tre andre teoretiske bidrag. Kees *Versteegh* frå Universitetet i Nijmegen tar i artikkelen “Your place or mine? Kinship, residence patterns, and language change” utgangspunkt i demografi: busettingsmønster sett i samanheng med slektskapsystem, basert på antropologiske studiar frå ymse stader i verda. Han legg vekt på forskjellen mellom matrilokale og patrilokale system, altså system basert på om mannen ved giftarmål flyttar til kvinns leveområde eller omvendt (det vanlege er det omvendte). Det matrilokale systemet favoriserer stabil einspråklegheit hos oppveksande generasjonar og motverkar språkendingar, mens det patrilokale favoriserer fleispråklegheit og akkommodasjon til ulike språk og varietetar, med meir innovasjon og større språkendingar som konsekvens.

Jeroen *Darquennes* frå Universitetet i Namur i Belgia går tilbake til Haugens ti forskingsspørsmål og tilhøvet til dei ulike “bindestrekslingvistikkane”, og tar opp vidareutviklinga av desse ideane hos to yngre lingvistar: Harald Haarmann og John Edwards. Haarmann (1986: 11–13) set opp sju ulike sett av språkøkologiske variablar som nyanserer Haugens bilde: etnodemografiske, etnososiologiske, etnopolitiske, etnokulturelle, etnopsykologiske, interaksjonelle og etnolingvistiske variablar – kvar av desse kan delast opp i finare grupperingar (til saman 35) med tilhøyrande forskingsspørsmål. John Edwards (2010) kritiserer denne inndelinga for (framleis) å vere for grov, og set i staden opp sitt eige typologiske rammeverk, som omfattar 11 disiplinar (demografi, geografi, økonomi, sosiologi, lingvistik, psykologi, historie, politikk/juss, utdanning, religion, medium) relatert til resp. språkbruket, språk og omstenda rundt desse

(“setting”). På dette grunnlaget formulerer han 33 forskingsfelt. Døme: sosiologi relatert til språkbrukar: “Socioeconomic status of speakers”; historie relatert til språk: “History of the language”; religion relatert til “setting”: “Importance of religion in the area”. Darquennes kjem med nokre kritiske kommentarar til dette rammeverket, men må sleppe emnet der med ei etterlysing av grundig forskning på kvart enkelt punkt.

Peter *Trudgill* skriv “On the fragility of language status: Abstand, distance, and the ecology of Ausbau sociolinguistics”. Han tar utgangspunkt i to grunnleggande teoretikarar: Haugen og Heinz Kloss. Frå Haugen dreg han fram at somme “punkt” innanfor eit dialektkontinuum får “språk”-status mens andre berre er “dialektar”, og at dette har samfunnsmessige føresetnader. Frå Kloss hentar han skiljet mellom *avstandsspråk* og *utbyggingsspråk* med dei kjende tyske termene *Abstandsprache* og *Ausbau-sprache*. Ut frå slike omgrep (språkleg vs. geografisk avstand, dialektkontinuum, heteronomi og autonomi) drøftar han ein del konkrete tilfelle av det som i Eloy og Ó hÍfeárnáin 2007 blir kalla “near languages” eller “collateral languages”, altså par av språkvarietetar som er så nærskylde reint lingvistisk at det ikkje er opplagt om dei skal reknast som eitt eller to språk. Alle tilfella er svært interessante, og eg refererer dei kort:

Trudgill begynner med norsk, der han analyserer “språkstatusen” både til nynorsk vs. bokmål og norsk vs. svensk og dansk. Deretter går han over til nederlandsk i relasjon til resp. flamsk og afrikaans, der nederlandsk og flamsk har fått status som same språket trass i visse forsøk på “sjølvstendigjering” på flamsk side, mens afrikaans har etablert seg som separat språk rundt 1900 etter først å ha vore rekna som ein nederlandsk dialekt. Karibiske kreolspråk basert på engelsk har ein svær lingvistisk avstand frå det opphavlege modellspråket, ikkje minst sranan i Surinam, som blir rekna som eige språk, mens Jamaica-kreolsk blir rekna som dårleg engelsk. Her betyr det noko at Jamaica har ei nær fortid som britisk koloni mens Surinam høyrde til Nederland inntil 1975. Dermed fanst det ikkje noko sosiolektkontinuum frå standardspråk til talespråk i Surinam, men derimot på Jamaica, og det bestemmer langt på veg kva for ein varietet som blir rekna som autonom, og kva for ein som ikkje blir det. Det neste dømet er frå Nord-Irland, der talespråket ligg nærast skotske låglandsdialektar av engelsk, mens det er temmeleg langt ifrå standard engelsk. Likevel blir det eintydig rekna som ein dialekt av engelsk, ikkje av skotsk (som sjølv står i ein slik mellomposisjon mellom

autonomi og heteronomi). I Stillehavet ser Trudgill på maori, som han gjennom å sitere talorda viser ligg svært nær hawaiiisk, men der den geografiske avstanden er så stor, i tillegg til at områda høyrer til to sjølvstendige statar (New Zealand og USA), at dei alltid blir rekna som to ulike polynesiske språk. Endeleg tar han for seg katalansk i forhold til spansk (kastiljansk), der han viser at den lingvistiske avstanden er liten nok til å rekne dei som to varietetar av eitt språk, men historiske og sosio-politiske forhold sikrar katalansk ein udiskutabel posisjon som eige språk.

Trudgill går meir generelt inn på dei ulike prosessane der språk gjennom ei historisk utvikling utan særlege lingvistiske endringar kan bli dialektar (døme: lågtysk), og dialektar på same måten (i ein motsett prosess) kan bli språk (døme: letzeburgisch, makedonsk, moldavisk). Det går an å lage “Ausbau utan Abstand”, altså å bygge ut ein varietet til eit eige språk gjennom normeringstiltak, noko Jugoslavia er eit skoleeksempel på. Og det går an å ignorere reell avstand mellom varietetar ut frå eit politisk ønske om identifisering, som i det siste dømet Trudgill nemner: ungarske dialektar i Transilvania (Romania), som er så ulike ungarsk i Ungarn at dei fungerer som eit eige språk, men der det er eit sterkt politisk press for assosiasjon med standard ungarsk i Ungarn. Dette er ein svært innhaldsrik artikkel på under tjue sider.

Den andre hovudbolken i boka handlar om europeiske perspektiv på språkøkologien, rett nok begrensa til Spania (Iberia), Norden og Noreg. Joan A. *Argenter* frå det autonome universitetet i Barcelona og Institutt for katalanske studium ønskjer å bruke *Iberia* for det vi elles kallar Pyrenearhalvøya, i artikkelen “Iberian language ecologies: notes on history and the current situation”, sjølv om han i praksis stort sett avgrensar seg til staten Spania. Også han begynner med ei teoretisk drøfting av *språkøkologi* i Haugens forstand, og går så over til ei historisk oversikt over dei språksosiologiske forholda på halvøya frå førromersk tid av. Deretter kjem eit oversyn over dagens språkpolitikk i Spania, med hovudvekt på situasjonen til katalansk. Han går så over til ei drøfting av korleis ulike aspekt av omgrepet *språkøkologi* kan bidra til å belyse den språklege historiske og notidige situasjonen på halvøya, og peikar til slutt på nokre viktige utfordringar for språkpolitikken og språksosiologien i framtida: fenomenet språkskifte, spenninga mellom ein språkpolitikk som fremmar nasjonal einspråklegheit og ein lingvistisk pluralisme basert på minoritetsrettar, og migrasjonsproblematikken.

Gro-Renée *Rambø* frå Universitetet i Agder har ein ganske empirisk retta artikkel om språkkontakten mellom mellomlågtyisk og skandinavisk i hansatida i seinmellomalderen. Den ligg innanfor disiplinen historisk språksosiologi, men kan lett definerast inn i “språkkølogien” med den vekta han legg på kontakt og status- og maktrelasjonar mellom folkegrupper som drivkrefter i språkending. Eit viktig punkt i framstillinga er jamføringa mellom ulike “hansabyar” i Skandinavia, der *Rambø* viser kor ulik situasjonen og dermed språkutviklinga vart i byar som Oslo, Tønsberg og Stockholm jamført med Bergen. *Rambø* understrekar kor viktig det er å overskride bildet av språk som ein monolittisk og stabil struktur som utviklar seg etter eigne immanente lover, og i staden ser på folka, både som grupper og som individ – enda det er krevjande når hendingane ligg fem til sju hundre år bak i tida, slik at det vi har av vitnemål om menneskeleg samkvem og kontakt den gongen, berre blir fragment. *Rambø* konkluderer med at Haugens økologi-omgrep kan gi ein fruktbar innfallsvinkel til ei meir integrert beskriving av dei lingvistiske, dei sosiologiske og dei psykologiske aspekta ved slik langvarig språkkontakt.

Ernst Håkon *Jahr*, også frå Universitetet i Agder, skriv om “Dialect ecology: the case of Norway – history and background”. Det er ei grei oversikt over emne *Jahr* har behandla mange gonger før. Han tar utgangspunkt i Aasens og Knudsens reformprogram, og går inn på striden om standardispråk vs. dialekt i skolen med “Grimstad-striden” i Kristiansund (1911–12) og “Bergens-striden” i 1924 (begge grundig beskrivne i *Jahr* 1984) som høgdepunkt, og tar så opp tilnæringspolitikken og 1938-rettskrivinga som sosiolingvistisk eksperiment. Han demonstrerer korleis denne politikken førte til ein annan type “dialektøkologi” i Noreg enn i andre land, med verknad fram til i dag trass i ein retrett i skriftmåls-tilnærminga, i og med at tidlegare utdefinerte talemålsformer (arbeidardialektar, austlandske dialektar) no vart inkludert i sfæren av sosialt akseptable talemålsformer.

Dei fire siste artiklane tar for seg utanomeuropeiske emne. Ana *Deumert* frå Universitetet i Cape Town skriv om “South Africa’s language ecology – hierarchies, hegemonies and resistances”. Ho gir først ei oversikt over språkmangfaldet i dette landet, og så går ho over til å drøfte hierarki- og hegemoniforholda. Ho slår fast at i kolonitida var det eit trestegshierarki der khoisanspråka (“hottentottspråka”) var på botn, bantuspråka i eit midtsjikt og dei europeiske språka på toppen. Deretter

går ho inn på den markante statusforskuinga mellom afrikaans og engelsk, der engelsk har overtruffa afrikaans tydeleg i tida etter apartheid. Ho ser til slutt på ulike former for motstand mot tradisjonelle språknormer og statusar, som ulike former for språkblanding og utvikling av nye varietetar til uformell bruk, som løyndespråk for grupper på sida av samfunnet og liknande. Deumert teiknar eit bilde av eit dynamisk språksamfunn der nye blandingspråk får målbere nye identitetar i flyktige og stadig skiftande mønster – så langt utan noka form for språkstrid verken mellom tradisjonelle eller nye varietetar – men altså med engelsk som det dominerande prestisjespråket.

Ray Harlow og Julie Barbour frå Universitetet i Waikato på New Zealand har ein ganske empirisk retta artikkel om situasjonen for maori på New Zealand: “Maori in the 21st century: climate change for a minority language?” Dei tar opp desse aspekta: språkleg klassifisering, brukarane, bruksområde, forholdet til andre språk (i praksis berre engelsk), intern variasjon i språket, skrifttradisjon, standardisering, juridisk stilling og posisjon innanfor utdanningstellet og media, offentleg språkplanlegging og språkstyrking, språkhaldningar blant brukarane, og til slutt ei kort samanfating der “diagnosen” blir stilt: Maori har god institusjonell støtte og står ganske sterkt på dei fleste variablane som ein (etter Joshua Fishman) bruker å måle eit minoritetsspråks status og framtidsutsikter etter. Berre på eitt punkt er situasjonen framleis problematisk og utsiktene svært usikre; det er i overføringa av morsmålskompetansen frå generasjon til generasjon innanfor familiens og lokalsamfunnets rammer. Der staten og storsamfunnet har minst makt, buttar det mest.

Miriam Meyerhoff frå Victoria University i Wellington på New Zealand tar utgangspunkt i omgrepet *indeksikalitet*: “Place and purpose: indexicality in ecological perspective”. Denne termen er ein del brukt i nyare sosiolingvistik, men Meyerhoff vedgår at han er nokså uklar, dessverre utan å presisere ein eksplisitt og handterbar definisjon sjølv. Det er ein måte å markere relasjonen mellom to faktorar på, f.eks. ein språkleg mot ein samfunnsmessig variabel. Også Meyerhoff legg eit empirisk døme til grunn for analysen sin, nemleg det engelskbaserte karibiske kreolspråket bequia-engelsk (i øystatane St. Vincent og Grenadinane). Her tar ho feste i visse avvik frå standardengelsk i bøyinga og bruken av *to be*, eksemplisert i desse setningane: *when he come home from work* (utan *-s*), ... / *their parents coming out* (utan *are*) / *all games they play is with boyfriend*. Standardnære konstruksjonar er moglege i alle desse



tilfella, og forfattaren jamfører så denne variasjonen med ikkje-lingvistiske variablar, særleg urbanitet vs. ruralitet og grad av identifisering med heimstaden. Ho avsluttar med å drøfte meir prinsipielt korleis dei lingvistiske variablane fungerer som identifikasjonsmarkørar, og trekker inn Haugens økologi-omgrep jamført med det nye indeksikalitetsomgrepet i denne samanhengen.

Den siste artikkelen i boka er skriven av Lars-Gunnar *Andersson* ved Göteborgs universitet: “Language ecology in Africa. The case of Botswana”. Også denne artikkelen er i hovudsak empirisk og gir eit godt oversyn over språka i landet gruppert i språkfamiliar; særleg bantuspråka blir beskrivne også språkleg gjennom ei dømesetning som blir jamført mellom dei ulike språka, men khoisanspråka og pidginspråket fanagalo blir òg presentert. Fanagalo er spesielt interessant, som eit pidginspråk med røter i kolonitida – som ser ut til å døy ut utan å bli sakna, sidan ingen har det som morsmål. *Andersson* går vidare med å vurdere språka samla ut ifrå nokre sentrale parametarar: demografi, kodifisering, litteratur, utdanning. Så jamfører han nasjonalspråket setswana og engelsk, basert på to spørjeundersøkingar (blant universitetsstudentar) frå 1990 og 2008. Det overraskar ikkje at engelsk har ekspandert mykje på desse atten åra, unntatt i butikkar og til besteforeldra, der setswana framleis dominerer, om enn mindre enn før i butikkane. Til slutt har *Andersson* ei kort oppsummerande drøfting av omgrepet *språkøkologi*. Han konkluderer slik: “The questions about the role, status and use of different languages within a society are, of course, extremely relevant and important. And that is what language ecology is about – in Botswana and everywhere else.”

Dette kan også stå som konklusjon på denne meldinga. Boka blir avslutta med eit grundig register på over 25 sider.

## Litteratur

- Edwards, John. 2010. *Minority languages and group identities. Cases and categories*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Eloy, Jean-Michel og Tadhg Ó hÍfearnáin (red.). 2007. *Langues proches – Langues collatérales. Near Languages – Collateral Languages. Actes du Colloques international réuni à Limerick, du 16 au 18 juin 2005*. Paris: L’Harmattan.

- Haarmann, Harald. 1986. *Language in ethnicity. A view of basic ecological relations*. Berlin/New York: Mouton de Gruyter.
- Haugen, Einar. 1971. "The ecology of language". *The Linguistic Reporter*, bd. 13, suppl. 25, Winter 1971, 19–26. Washington DC: Center for Applied Linguistics.
- . 1972. "The ecology of language". I: *The Ecology of Language. Essays by Einar Haugen*, red. Anwar S. Dil, 325–39. Stanford: Stanford University Press. [Opptrykk av Haugen 1971.]
- . 1976. *The Scandinavian languages. An introduction to their history*. London: Faber & Faber / Cambridge: Harvard University Press
- . 1979a. "An ecological model for bilingualism". *Notes on Linguistics* 12: 14–20
- . 1979b. "Language ecology and the case of Faroese". I: *Linguistic and literary studies in honor of Archibald A. Hill IV*, red. M.A. Jazayery o.a., 243–57. The Hague/Paris/New York: Mouton.
- . 1982. *Scandinavian language structures. A comparative historical survey*. Minneapolis: University of Minnesota Press / Tübingen: Max Niemeyer Verlag
- . 1987a. *Blessings of Babel. Bilingualism and language planning. Problems and pleasures*. (Contributions to the Sociology of Language 46.) Berlin/New York/Amsterdam: Mouton de Gruyter.
- . 1987b. "An ecological model". I: Haugen 1987a, 27–34.
- . 1987c. "Faroese: ecology". I: Haugen 1987a, 91–96. [Forkorta versjon av Haugen 1979b.]
- . 1990. "Færøysk: økologi". I: *Babelsk forbrødring: Om tospråkighet og språkplanlegging*, Einar Haugen, 79–84. Oslo: Universitetsforlaget. [Omsetting av Haugen 1987c.]
- Jahr, Ernst Håkon. 1984. *Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925)*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1993: *The Nordic Languages – their Status and Interrelations*. Nordisk språksekretariats skrifter 14. Oslo: Novus
- Voegelin, Carl F. o.a. 1967. "The language situation in Arizona as part of the Southwest Culture Area". I: *Studies in southwestern ethnolinguistics. Meaning and history in the languages of the American Southwest*, red. D. Hymes og W. Bittle, 403–51. The Hague/Paris: Mouton.

ANMELDELSER

Lars S. Vikør  
Institutt for lingvistiske og nordiske studier  
Postboks 1102, Blindern  
NO-0317 Oslo